



Samnøy Maskin As
Stormarkvegen 26
5947 Fedje

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/212 - 23/2451

Sakshandsamar:
Merethe Svarstad
merethe.svarstad@fedje.kommune.no

Dato:
10.05.2023

Søknad om løyve til å legge ut flytebrygge. Gbnr 168/47-Løyve i eitt-trinn

Eigedom: Gnr : 168 Bnr : 47

Adresse: Muren 1, 5947 Fedje

Tiltakshavar: Fedje Fryseri AS

Tiltaket: Flytebrygge

Visar til løyve gjeve 05.05.2022. På grunn av sakshandsamingsfeil hjå kommunen er løyvet ugyldig og vert oppheva jf. forvaltningslova § 35 bokstav c. Statsforvaltar har sendt inn merknad i saka om at det manglar dispensasjon for tiltak utanfor byggjegrensa mot sjø. På bakgrunn av dette er løyvet ugyldig og vert behandla på nytt. Løyvet vart gjeve utan dispensasjon frå byggegrense mot sjø, og kommunen har motteke søknad om slik dispensasjon 20.04.2023. Kommunen behandlar difor søknaden på nytt etter å ha motteke dispensasjonssøknad.

1. SØKNADEN OMFATTAR:

Flytebrygge i tilknytning til næring, søknad i eitt-trinn.

Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanen si byggegrense mot sjø.

2. VEDTAK

Vedtaket vert gjeve etter delegert mynde og med heimel i plan- og bygningslova §21-4.

Det vert gjeve løyve til utlegging av flytebrygge ved Gbnr. 168/47 i Fedje kommune.

Tiltaket får dispensasjon frå byggegrense mot sjø i kommuneplanen jf. Plan- og bygningslova 19-2.

Tiltaket må òg ha løyve etter Hamne- og farvasslova. Saka vert vidaresendt til Bergen og omland Havnevesen for handsaming etter Hamne- og farvasslova.

Er tiltaket ikkje igangsett seinast tre år etter løyve er gitt, fell løyvet bort. Løyve fell òg vekk dersom tiltaket etter igangsetting vert innstilt i lengre tid enn to år (gjeld etter tre års fristen).

Det må søkast om ferdigattest for tiltaket når det er ferdigstilt, og før tiltaket kan takast i bruk.

3. GRUNNGJEVING FOR TILTAKET

3.1 Planstatus

Tiltaket fell inn under følgende planar:

Reguleringsplan

Reguleringsplan for Stenborg- planid 198101

Føremålet er industri.

Kommuneplan

Kommuneplanens Arealdel 2012-2024, planid: 1265-201201

Føremålet på land er bustader og anlegg.

Tiltaket er i tråd med arealformål på land.

Føremål i sjø er farlei.

I føresegn 6.4 i Kommuneplanen er det ikkje tillate med flytebrygger som er til ulempe for sjøtrafikk i hovud- og bileiene. Farleien kan nyttast til annan ferdsle, fiske og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for sjøtrafikken.

Tiltaket vært plassert slik at det ikkje hindrar sjøtrafikk inn til sjøvågen. Vidare vil det heller ikkje vera til ulempe for fiskebåtar eller andre båtar som er i området. Tiltaket vil gjera det enklare for mindre båtar å leggje til slik at dei kan besøkje området.

Tiltaket er dermed ikkje i strid med føresegn 6.4.

Tiltaket blir plassert utanfor byggegrense mot sjø i kommuneplanen og er difor avhengig av dispensasjon. Det er søkt om dispensasjon for dette.

Tiltaket er elles i tråd med bestemmelsane i plan- og bygningslova.

3.2 Nabovarsling

Ansvarleg søkjar har opplyst om at tiltaket er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.

Det kom inn ein klage frå Fiskarlaget Vest og Fiskarlagets servicekontor AS, avd Vest. Etersom løyvet vert oppheva vert klagen handsama som ein merknad til tiltaket.

Fiskarlaget Vest og Fiskarlagets servicekontor AS, avd Vest sin klage:

Visar til løyve etter plan-og bygningslova for utlegging av flytebyggje ved Steinborg gjeve 05.05.2022.Søknaden var òg sendt inn 05.05.2022.

Det er registrert anløpskai for fiskeri i området kor flytebyggja er tenkt. Kaien har vore nytta av regionale fiskarar og er i aukande grad viktig i samband med makrellstørjefisket og ved makrell-og sildefiske i området. Det har tidlegare blitt utført mudring i Kyrkjevågen for å betre tilkomsten for fiskefartøy.

Ein kan ikkje sjå at søknaden er sendt på høyring til relevante partar som Fiskarlaget Vest og Fiskeridirektoratet region Vest. I 2015 blei det gjeve løyve til småbåthamn i same område.

Dåverande Fylkesmannen i Hordaland (Statsforvaltaren i Vestland), oppheva vedtaket med bakgrunn i at tiltaket var i strid med arealføremålet farlei i kommuneplanen sin arealdel. Det blei peika på at det måtte søkjast om dispensasjon frå kommuneplanen. Kommunen gav dispensasjon til tiltaket 23.06.2016. Løyvet var gjeldande i 5 år.

Det har ikkje vore endringar i kommuneplanen sidan 2015 og ein stil difor spørsmål ved kvifor det ikkje er søkt om dispensasjon frå kommuneplanen, slik det var gjort i 2016.

Med bakgrunn i ovannemnde ønskjer ein å klage på at saka ikkje er sendt ut på høyring og at det er fatta vedtak som strider i mot kommuneplanen sin arealdel. Ein er uroa for at feil handsaming av saker kan skape presedens.

Fiskarlaget Vest ber om å få tilsendt saker i tilknytning til fiskerihamner, anløpskaiar brukt av yrkesfiskarar og fiskeområde i framtida.

Ansvarleg søkjar sitt svar på klagen:

Visar til løyve etter plan-og bygningslova for utlegging av flytebyggje ved Steinborg gjeve 05.05.2022. Søknaden var òg sendt inn 05.05.2022.

Det er vanskeleg å sjå at dette er relevant for klagen, men informasjonen er ikkje korrekt. Søknaden vart sendt til Fedje kommune elektronisk den 29.04.2022,og løyve vart gjeve den 05.05.2022.

Det er registrert anløpskai for fiskeri i området kor flytebyggja er tenkt. Kaien har vore nytta av regionale fiskarar og er i aukande grad viktig i samband med makrellstørjefisket og ved makrell og sildefiske i området. Det har tidlegare blitt utført mudring i Kyrkjevågen for å betre tilkomsten for fiskefartøy.

I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er kaien på Gnr.168, bnr. 47på Fedje, merka som «anløpskai fiskeri». Dersom ein klikkar inn på ikonet på det digitale kartet, kjem det fram at kaien er «Mottaksanlegg-aktiv» og at Feie røykeri AS er namnet på anlegget. Vidare er det merka fbnr:H120 og org.nr. 953037181 , som var Feie røykeri AS. Feie Røykeri AS gjekk konkurs i 2012. Det har ikkje vore mottaksanlegg for fisk på kaien etter dette. Dette syner tydeleg at informasjonen frå Fiskeridirektoratet som klagar stør seg på er utdatert og feil. Registreringa hos Fiskeridirektoratet var ukjent både for tiltakshavar og ansvarleg søkjar. Tiltakshavar har no sendt brev til Fiskeridirektoratet og bede om at merkinga om anløpskai for fiskeri vert sletta.

Det er tiltakshavar som eig Gnr. 168 Bnr. 47, som kaien ligg på. Tiltakshavar er eit privat selskap som driv med utleige av eigedom. Der det tidlegare var fiskemottak er det i dag daglegvarebutikk og whiskydestilleri. Det finns ingen heftingar registrert som avgrensar tiltakshavar sin heimel til kaien. Klagar og deira

medlemar har ingen rett til korkje kaien eller kaiområde. Slik sett kan tiltakshavar nekte fiskebåtar tilgang til kai og kaiområde.

Fiskeriet på Fedje er nesten heilt borte. Det finns 2-3sjarkar på 30-40 fot som driv periodevis med fiske. Alle desse har eigne kaiar eller flytebrygger som dei tek i land fangsten sin og fortøyer ved. Det hender med ujamne mellomrom at regionale små fiskebåtar kjem innom og ligg ved kaien, men det har vorte sjeldnare i løpet av tida som tiltakshavar har vore eigar av kaien. Det er ikkje riktig som klagar skriv at dette er aktuelt i aukande grad. I tillegg er dette båtar som er så små at dei like gjerne legg seg ved ei flytebrygge om det er ledig plass. Dersom det skulle kome ein større båt inn vil det framleis vera 50 meter kai på nordsida i tillegg til plass på vestsida. Det er også ein offentleg kai på hamna(Mulekaien) som framandbåtar kan legge til. Dei store havgåande fiskefartøya kjem uansett aldri inn på hamna på Fedje. Tiltaket vil difor ikkje vera til hinder for at fiskebåtar kan nytta hamna på Fedje. Det er korrekt at det rundt 1990 vart utført muddring i Kyrkjevågen på Fedje.

Ein kan ikkje sjå at søknaden er sendt på høyring til relevante partar som Fiskarlaget Vest og Fiskeridirektoratet region Vest.

Ansvarleg søkjar har vurdert det slik at søknad om tiltaket skal handsamast etter plan- og bygningslova(PBL) av Fedje kommune, og etter hamne- og farevasslova av Bergen Hamn Farevassforvaltning IKS. Det må liggje føre løyve frå begge sakshandsamarar før tiltaket kan utførast.

Ansvarleg søkjar har varsla naboar i tråd med PBL og sendt søknaden til Fedje kommune. Vanleg praksis er at kommunen handsamar søknaden etter PBL. Dersom løyve vert gjeve etter PBL, sender kommunen den vidare til Bergen Hamn Farevassforvaltning IKS for handsaming etter hamne- og farevasslova, som igjen vurderer kven som skal ha varsel for uttale i høve til deira handsaming. Den praksisen er følgd i denne saka. Eg har ikkje oversikt over kven Bergen HamnFarevassforvaltning har varsla, men eg veit at dei har varsla både Fiskeridirektoratet og Vestland Fylkeskommune.

I 2015 blei det gjeve løyve til småbåthamn i same område. Dåverande Fylkesmannen i Hordaland (Statsforvaltaren i Vestland), oppheva vedtaket med bakgrunn i at tiltaket var i strid med arealføremålet farlei i kommuneplanen sin arealdel. Det blei peika på at det måtte søkjast om dispensasjon frå kommuneplanen. Kommunen gav dispensasjon til tiltaket 23.06.2016. Løyvet var gjeldande i 5år.Det har ikkje vore endringar i kommuneplanen sidan 2015 og ein stil difor spørsmål ved kvifor det ikkje er søkt om dispensasjon frå kommuneplanen, slik det var gjort i 2016.

I 2016 var føremålet småbåthamn med faste plassar. Det var i strid med reguleringsføresegnene og det var naudsynt med dispensasjon. Eg har vurdert det slik at dispensasjonssøknad ikkje er naudsynt i dette tilfellet då tiltaket ikkje strir mot reguleringsføresegnene.

Historie og konklusjon:

Tiltakshavar kjøpte verksemda og eigedomen i 2014. Då var eigedomen i dårleg forfatning. Det som gjennom 50 år hadde vore eit fiskemottak og fiskeriverksemd var no vorte ei ruin der delar av bygningane var brunne ned, straum og vatn var kopla vekk, og det var ingen aktivitet verken i lokala eller på kaien. Dette speglar også utviklinga i fiskerinæringa på Fedje. Frå å vera hovudnæring med fleire fiskebåtar og fiskeforedlingsverksemder på 1960-70 talet, til siste heilårsdrivne fiskebåten vart seld i 2009. Når siste kvalfangarbåten vart seld frå Fedje for to år sidan, vart i realiteten fiskeriet heilt avvikla på Fedje.

Fedje har forsøkt å skape nye næringsvegar når fiskeriet har vorte avslutta. Reiseliv og turisme har vore ei naturleg satsing, men det tek tid å utvikle nye næringar i distriktet. Tiltakshavar kjøpte eigedomen for å prøva å skape ny aktivitet i hamna på Fedje. No er det komen daglegvarebutikk i 1. etasje og whiskydestilleri med omvising i 2. etasje. Dette gjer at det stadig kjem folk i småbåtar som vil ha omvising eller besøkje ei av serveringsstadane i område. Då er ein høg kai lite egna til om bord- og i landstiging i forhold til ei flytebrygge, og det kan oppstå farlege situasjonar. Slik sett handlar dette om å ivareta tryggleik til publikum.

Tiltakshavar meiner at kombinasjonen med flytebrygga og resten av kaien ved gnr.168 / bnr.47, vil stette den bruken som er i dag og den som ein ser for seg dei komande åra. Flytebrygga vil ikkje vera til hinder for sjøtrafikk for andre enn tiltakshavar sine eigne eigedomar eller rettar. Tiltakshavar kan ikkje sjå at klagar kjem med relevante argument og synest det er trist at nostalgiske kjensler for det som ein gong var, skal vera til hinder for å skape ny utvikling som i aller høgste grad trengs på Fedje

Kommunen sin kommentar:

Det kan tyde på at feilregistrering hjå Fiskeridirektoratet er årsaka til at det er komme inn klage i denne saka. Det er rett som ansvarleg søkjar hevdar at det ikkje er fiskeri eller fiskenæring som nyttar kaiområdet i dag. Fiskemottaket og fiskeverksemd som tidlegare har vore på kaien er nedlagt og kjem ikkje til å starte opp att. Tiltaket som er tenkt ligg dessutan i ytterkant på kaien og mindre fiskebåtar kan eventuelt leggje til kai om det er ønskjeleg. Det er ein stor kai og det vil være mogleg for fiskebåtar å leggje til kai sjølv om flytebrygga vert lagt ut med den plasseringa som er omsøkt.

3.3 Erklæring om ansvarsrett

Tiltaket er belagt med tilstrekkelige ansvarsrettar. Kommunen legg tiltaksklassen til ansvarleg søkjar til grunn.

Funksjon	Ansvarsområde	Firma	Tiltaksklasse
Ansvarleg søkar		Samnøy maskin AS, 918436235	1
PRO	Prosjektering av flytebrygge	Samnøy maskin AS, 918436235	1
UTF	Utlegging av flytebrygge	Samnøy maskin AS, 918436235	1

3.4 Dispensasjon

Det er to rettslege vilkår som må vera oppfylte for at dispensasjon kan gjevast jf. Plan- og bygningslova § 19-2.

Omsyna bak føresegna, omsyna i plan- og bygningslova eller nasjonale eller regionale interesser kan ikkje verta «vesentleg tilsidesett». Vidare må det vera «klart større» fordelar enn ulemper med tiltaket jf. Plan- og bygningslova § 19-2.

Ansvarleg søkjar har grunngjeve dispensasjonssøknaden for tiltaket slik:

I kommuneplanen sine føresegner står det: 1.5 Byggjeforbodet langs sjø og vassdrag som definert i pbl § 1-8 gjeld i Fedje kommune. I eksisterande byggjeområde og område for LNF-spreidd bustad er det sett ny byggjegrænse mot sjø vist i plankartet. Innanfor reguleringsplanar som framleis skal gjelde, er byggjegrænse definert i plankartet. Heimel: pbl § 11-9 nr. 5, jf § 1-8, 3. ledd. Reguleringsplanar med fastsett byggjegrænse mot sjø erstattar 100-metersbeltet som byggjegrænse. Heimel: pbl § 12-7 nr. 2.

Byggjegrænse er i kommuneplanen sett ved kaikanten på eigedomen til 168/47. Dermed kjem tiltaket med flytebrygga ut over byggjegrænse mot sjø. Tiltaket kjem i forlenging av eksisterande kai. Eigedomen 168/47 er privat, og frå før bygd ut heilt i strandsona. Tiltaket vil gjera område meir tilgjengeleg for ålmenta som nyttar småbåt for friluftsliv og rekreasjon. Det vil også auke tryggleiken i samband med ombord- og i landstiging.

Omsynet til føresegnene i Pbl. 1-8 er vert ikkje vesentleg tilsidesett ved å gje dispensasjon.

Tiltakshavar kjøpte verksemda og eigedomen 168/47 i 2014. Då var eigedomen i dårleg forfatning. Det som gjennom 50 år hadde vore eit fiskemottak og fiskeriverksemd var no vorte ei ruin der delar av bygningane var brunne ned, straum og vatn var kopla vekk, og det var ingen aktivitet verken i lokala eller på kaien. Dette speglar også utviklinga i fiskerinæringa på Fedje. Frå å vera hovudnæring med fleire fiskebåtar og fiskeforedlingsverksemder på 1960-70 talet, til siste heilårsdrivne fiskebåten vart seld i 2009. Når siste kvalfangarbåten vart seld frå Fedje for tre år sidan, vart i realiteten fiskeriet heilt avvikla på Fedje. På Fedje har ein forsøkt å skape nye næringsveggar når fiskeriet har vorte avslutta. Reiseliv og turisme har vore ei naturleg satsing, men det tek tid å utvikle nye næringar i distriktet. Tiltakshavar kjøpte eigedomen for å prøva å skape ny aktivitet i hamna på Fedje. No er det komen daglegvarebutikk i 1. etasje og whiskydestilleri med omvising i 2. etasje. I tillegg har andre aktørar opna serveringsstadar i nabolaget. Dette gjer at det stadig kjem folk i småbåtar som vil ha omvising, handle i daglegvarebutikken eller besøkje ei av serveringsstadane i område. Då er ein høg kai lite egna til ombord- og i landstiging i forhold til ei flytebrygge -og det kan oppstå farlege situasjonar. Slik sett handlar dette om å ivareta tryggleiken til publikum. Det finns heller ikkje andre tilgjengeleg flytebrygger som kan nyttast til dette formålet på denne sida av sundet. Det vil verte montert lys, redningsstige og redningsbøye på flytebrygga for å ivareta tryggleiken til folk.

Fordelar med dispensasjon:

- Lette tilgang for ålmenta som brukar småbåtar.
- Betre tryggleik ved ombord- og ilandstiging.
- Betre tilhøva for utvikling av næringslivet på Fedje

Ulemper med dispensasjon:

- Kan ikkje finne ulemper

Fordelane er klart større enn ulempene med å gje dispensasjon.

Kommunen si vurdering av vilkåra i Plan- og bygningslova § 19-2:

Omsyna bak byggjegrænse mot sjø er å verna strandsona mot byggetiltak for å sikre ålmenta rett til fri ferdsel og friluftsliv ved kysten og langs strandlinja. Vidare skal byggjegrænsa bevara og beskytta plante- og dyreliv, landskap og kulturmiljø.

Tiltaket vert plassert i eksisterande kai, og byggjegrænsa går i kaifronten. Det vil med det nye tiltaket vera mogleg for ålmenta å leggja til kaien. Vidare vil det framleis vera mogleg for ålmenta å fiska og nytta sjøen for rekreasjon, bading og fiske. Flytebrygga vil ikkje virka meir privatiserande enn området er i dag, og strandsona vil ikkje få merkbar auke i bruk enn kva som er tilfellet i dag.

Det er ikkje registrerte plante- eller dyreliv som vert ramma av tiltaket. Det er registrert tareskog i sjøen, men flytebrygga vil forankrast mot eksisterande kaifront og vil ikkje verka negativt på tareskogen.

Området har i dag allereie fleire kaiar og er eit området i utvikling for næring som rettar seg mot ålmenta. Det er i dag ikkje noko kulturmiljø som tiltaket vil verka negativt på, då det gamle fiskemottaket er bevart og gjort om til anna bruk. Det er fleire opne areal i området der ålmenta kan få direkte tilgang til sjø.

Omsyna bak byggegrense mot sjø vert «ikkje vesentleg tilsidesett» med det nye tiltaket.

Fordelane må vera «klart større» enn ulempene.

Det er ein ulempe at det vert gjeve dispensasjon frå ein kommuneplan som har vore gjennom grundige vurderingar ved fastsetting av byggegrenser mot sjø. Kommuneplanen legg opp til at flytebrygger kan tillatast i fralei når dei ikkje er til ulempe. Ein konsekvens av dette vil at ein kan vurdere tiltaket som i tråd med føresegnar for farlei, men at det må søkast om dispensasjon frå byggegrense mot sjø.

Fedje kommune har tidlegare vore ein kommune med fiskeri og fiske som hovudnæring, men i dei seinare åra har dette vorte avvikla, og det vert skipa nye næringar for å skapa arbeidsplassar. Tiltaket er eit ledd i å gjera tilgangen til området tryggare og lettare for dei som satsar på både butikk og whiskey-destillieri med omvisning. Det vil vera naudsynt å sikra ein trygg tilgang til dette området for dei som kjem med båt. Tiltaket er soleis positivt for å sikra at nye næringar kan skapa seg eit kundegrunnlag og gjera Fedje til ein turistdestinasjon med både båt og ferje.

Det vil vera av samfunnsøkonomiske interesser at eksisterande bygg vert nytta og ikkje står til nedfalls, for å sikra at denne utviklinga kan framhalde vil det vera viktig å få lagt ut flytebrygge for å sikre trygg og enklare tilkomst for besøkjande med båt. Særleg i vår/sommarsesongen vil det vera mange som kjem med båt inn til Fedje, og dette er eit viktig kundegrunnlag for næringane i heile området rundt ferjekaien. Det går òg kabelferje over til Kemmarholmen slik at ringvirkningane av dette er at dei som går i land på Stenborg kan òg nytta seg av næringane som ligg på Kemmarholmen.

Fordelane er klart større enn ulempene.

Kommunen finn at vilkåra for å gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte, og det vert gjeve dispensasjon.

4. KLAGADGANG

Vedtaket kan påklagast, klagefristen er tre veker frå den dagen underretning om vedtaket kom fram til vedkommande part. Sjå eige vedlegg angående klageadgang.

Statsforvaltar får kopi av vedtaket for klagevurdering.

Med helsing

Merethe Svarstad

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gjennomføringsplan

Søknad om dispensasjon utlegging av flytebrygge

Søknad om løyve til å legge ut flytebrygge. 168/47 - søknad om dispensasjon sak 22/212 - 22/2124

Kopi til:

Fedje Fryseri As	5947	Fedje
------------------	------	-------

Mottakarar:

Samnøy Maskin As	Stormarkvegen 26	5947	Fedje
Statsforvaltaren I Vestland Avd		5020	Bergen
Bergen			

Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Fedje kommune	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
③ Mottakar (namn og adresse)	Dato ④ Klageinstans Statsforvaltar
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④.</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevje grunngjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	